



Årsmelding 2005

Vestlandske Teatersenter



FOR VESTLANDSKE TEATERSENTER (VT) har 2005 vore eit spanande år kunstnarisk sett. Ein kan sjå resultat av ein langsiktig snuoperasjon for å få teatersenteret tilbake som ein markant aktør på arenaen for barne- og ungdomsteater på vestlandet.

I 2002 LÅG AKTIVITETEN nærast nede grunna eit stort økonomisk underskot, langvarige og omfattande sjukefråvær og lokalitetsproblem. I 2005 kan ein sjå resultata av ein vellukka snuoperasjon og vi har ei klar formeining om kva VT bør vere i framtida, ein av dei leiande aktørane i Norge på kompetanse innan teater og drama for barn og unge.


Ein ledande aktør

VESTLANDSKE TEATERSENTER har i 2005 gjennomført ei rekkje spanande kunstnarlege prosjekt, prosjekt som viser godt att sjølv i eit yrande kulturlandskap. Basisen for denne kunstnarlege revitaliseringa skuldast at rammene for drifta igjen er stabile, med nye lokale godt tilrettelagt for drifta, stabil arbeidsstokk og god økonomi.

TOPOGRAFIEN I TEATERLANDSKAPET i Norge endrar seg, og det blir essensielt for ein organisasjon som VT å tilpasse sin aktivitet til dette. Tilbodet må vere tilpassa etterspurnad og behov, og den må presenterast der den trengs. Det har slik vore naturleg dei siste åra å føreta ei dreining av fokuset bort frå det tradisjonelle dramapedagogiske fokuset over mot teater og dei nye straumane vi ser rundt oss i dag.

DET ER VENTA AT NORSKE KULTURBEDRIFTER i dag er som lokomotiv. Det er ikkje lenger nok å vere ein aktør, ein skal heile tida liggje i forkant av utviklinga. Dette er eit krav som kjem frå det offentlege Norge, frå løyvingorgana og premissleverandørar, men kravet kjem og frå mottakarane, dei som driv med eller ser på teater. Lokomotivet skal vere inspirerende og eit godt eksempel for andre.

Steinar Thorsen
Kunstnarleg leiar





Kva er viktig og kven var Ibsen?

KVA ER VIKTIG MED TEATER, spurte eg 8-åringen. «Det som er viktig er å ikkje stå med ryggen til publikum», svarte ho. Eg kunne ikkje seie henne i mot på det. Det er heller ikkje bra å stå med ryggen til utviklinga og dei straumane som er i tida. Framtida ligg som kjent framfor oss og det ville vere underleg om ein ikkje såg fram mot den og dei utfordringar som ligg der. Spisskompetanse er viktig, like eins samarbeid og evna til å kombinere ulike felt av verksemda til Vestlandske Teatersenter. Vi har delt våre hovudfelt i 4 avdelingar. Kurs- og kompetansesenteret, Medlemsservice, Teaterskolen og Teaterproduksjonar. Den første delen inneheld våre kurstilbod og vidareutdanningstilbod. Del to tek hand om tilboda til våre medlemsorganisasjonar og lag.

TEATERSKOLEN UNDERVISER kvart år 150 elevar i alderen 6 - 19 år, og Teaterproduksjonar viser det konkrete resultatet av det vi kan. Skal vi kunne undervise andre i korleis dei lagar ei teaterframsyning til dømes, er det viktig at vi samstundes viser at vi sjølv kan dette. Gjennom våre framsyningar samarbeider vi gjerne med andre kulturinstitusjonar. Samstundes kombinerer vi kunnskapen frå kurs- og kompetansesenteret, samt våre medlemsorganisasjonar. Frå Teaterskolen hentar vi inn skodespelarar som ofte jobbar saman med profesjonelle skodespelarar. Alt dette resulterer i den «fjerde avdelinga» - teaterproduksjonar. Mangfald saman med spisskompetanse, nyskapande prosjekt saman med erfaring, ein stødig organisasjon i lag med lysta til å utforske nye kunstnarlege landskap gjer Vestlandske Teatersenter til ein ressurs i tilbodet vi representerer.

«KVEN VAR IBSEN?», spurde pedagogen ein av sine elevar på Teaterskolen. «Ei gås eller ein slags mann eller jente», svarte eleven. Kan hende snur Hr. Ibsen seg i grava over eit slikt utsegn. Kan hende han applauderer for dette utsegnet, og seier nøgd at barnet har skjøna det. «Eg skreiv for teater. Og teater kan vere både ei gås, ein slags mann eller jente. Teateret har ingen grenser, kun fantasien kan setje ein stoppar for teateropplevinga. I fantasien kan til dømes ei gås raskt bli til ei and, ein slags mann kan lett bli til hr. Hjalmar Ekdal og ei jente kan bli Hedvig. Det var vel kanskje slik eg fekk ideen til Vildanden», grunnar Ibsen, og gler seg til Ibsen-året 2006.

*Froydis Otre
Adm.leiar*

Fråsegn frå styret 2005

Oppnådde Resultat

Styret kan melde om stor aktivitet i 2005 og ein positiv auke frå 2004.

Framsyningar

For 2005 kan VT rapportere totalt 39 teaterfram-
syningar. Av desse var 31 reine VT-produksjonar
og 8 vart arrangert i regi av VT som framsynin-
gar i VT sine lokale av medlemsorganisasjonar,
eller i samband med teaterfestivalen -Mini Midi
Maxi-. Totalt viser dette eit publikumsantal for
2005 på 14010. Dette er ein auke frå 2004 på
over 5400 publikummarar.

Kurs- og oppdrag

På kurs- og kompetansedelen kan ein og sjå
ein klar auke for 2004. VT gjennomførte totalt
59 kurs og oppdrag i 2005 mot 41 i 2004. Ei
særsgledeleg utvikling.

Spesielt positivt er og mangfaldet i kurs- og
oppdragsverksemda, som spenner frå
sminkekurs, produksjon av kostyme til kurs
i Drama for museumspegagogar og vidare til
instruksjonsoppdrag for skolar og teaterlag.

Styret ønskjer spesielt å trekkje fram nysats-
inga teaterfestivalen -Mini Midi Maxi-. Dette
var ei vågal satsing for VT både økonomisk og
ressursmessig. Det er viktig å få etablert ein
teaterfestival med hovedfokus på barn og unge,
som samlar fagpersonar innan høgskolemiljø,
barnehagar, skolar, Den kulturelle Skolesekken
og kunstnarar. At det vart 3 dagar med faglege
seminar og workshop, samstundes som det
blei vist teaterframsyningar for barn og unge
både på Den Nationale Scene, Ole Bull Scene

og Vestlandske Teatersenter gjorde dette til eit
arrangement det stod respekt av.

Økonomi og personale

2005 har vore et særskild aktivt år for VT med ein
sunn økonomi. 2005 har vore året for ein del
økonomiske satsingar:

- Teaterfestivalen -Mini Midi Maxi-
- Etablering i nye lokale som har inkludert
investeringar innan:
 - innreiring av ein
Black Box scene, lyd / lys / amfi
 - inventar til kontor og lager

Dette medfører at VT i 2005 har eit planlagt
underskot på kr. 76 409,-. Styret foreslår at
årets underskot vert dekkja ved overføring frå
opptent eigenkapital.

Vidare drift

Føresetnaden for vidare drift er til stades og
lagt til grunn ved utarbeiding av årsrekneska-
pen.

Lokale

VT flytta påsken 2005 inn i nye lokale i Industri-
huset på Møhlenpris. Lokala er særskild godt eigna
til verksemda, og har ført til auka trivnad både
for dei tilsette og elevane våre.

Utfordringar

Styret ser det som særskild viktig at VT får halde
fram med å utvikle dei aktivitetane som har
vore satsingsfelt for 2005. Spennvidda som
organisasjonen representerer gjennom sine 4
avdelingar:

1. Kurs- og kompetansesenter
2. Medlemsservice
3. Teaterskole
4. Teaterproduksjonar

gjer VT til ein organisasjon med spisskom-
petanse på mange felt. Styret ser det som
ei stor utfordring at mangfald skal vere eit
kjenneteikn for VT og i framtida. Nye
tildelingskriterie i Norsk teaterråd medfører at
VT frå 2007 står i fare for å miste store delar av
løyvinga frå teaterrådet. Styret ser det som ein
viktig oppgåve framover å sikre at VT kan få
inn tapte midlar frå anna hald, og at løyvings-
organa ser verdien av å sikre organisasjonar
som VT.

Møteverksemd

Det vart halde 6 styremøte samt Årsmøte i
2005.

Arbeidsmiljø

Det har ikkje våre sjukemeldingar eller ulukker
med personskadar i 2005. Arbeidsmiljøet vert
vurdert som godt, og ingen spesielle tiltak er
sett i gang. Det er fast tilsett 1 mann og 4
kvinner i organisasjonen. Styret består av 4
menn og 2 kvinner.


Ytre miljø

Aktivitetane til VT påverkar ikkje det ytre
miljø.

Styret takkar dei tilsette, medlemmar, samar-
beidspartnarar, Bergen kommune, Hordaland
fylkeskommune og Kultur- og kirkedeparte-
mentet for godt samarbeid.

Bergen, 22. februar 2006



Yngve Seterås
Styrelidar


Kari Hop Skiftesvik
Vararepresentant for
styremedlem Jan-Christiar Kolstø


Kari Mjaaland Heggstad
Nestleiar


Camilla Svingen
Styremedlem


Torbjørn Halvorsen
Styremedlem


Ronny Hanssen
Styremedlem

Resultatregnskap

	Note	2005	2004
Driftsinntekter			
Tilskot	2	2 797 921	2 760 418
Andre inntekter		1 699 384	861 473
Sum driftsinntekter		4 497 305	3 621 891
Driftskostnader			
Lønskostnad	4	2 322 595	1 883 829
Avskrivning	5	84 774	30 044
Andre driftskostnader		2 172 583	1 534 959
Sum driftskostnader		4 579 952	3 448 832
Driftsresultat		82 647	173 059
Finansinntekter og finanskostnader			
Annan renteinntekt		5 788	7 218
Annan finansinntekt		450	0
Netto finansinntekter		6 238	7 218
Årets resultat		76 409	180 277
Overføringer			
Overført til/frå annan eigenkapital		76 410	180 278

Balanse pr. 31. desember

	Note	2005	2004
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Inventar, verktøy, kontormaskiner ol	5	431 572	117 567
Finansielle eigendelar			
Investering i aksjar		1 000	1 000
Andre fordringar		5 000	5 000
Sum finansielle eigendelar		6 000	6 000
Sum anleggsmidler		437 572	123 567
Omlaupsmidlar			
Fordringar			
Kundefordringar		101 305	24 842
Andre fordringar		19 755	9 242
Sum fordringar		121 060	34 084
Bankinnskot, kontantar og liknande	3	1 006 165	1 257 476
Sum omlaupsmidlar		1 127 225	1 291 560
Sum eigendelar		1 564 797	1 415 127

Balanse pr. 31. desember

	Note	2005	2004
Eigenkapital			
Opptent eigenkapital			
Eigenkapital		764 475	840 885
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		29 735	32 200
Skuldig offentlege avgifter		161 719	150 601
Annan kortsiktig gjeld		608 868	391 441
Sum kortsiktig gjeld		800 322	574 242
Sum eigenkapital og gjeld		1 564 797	1 415 127

Noter



Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Inntekter

Inntektsføring ved salg av varer og tenester skjer på leveringstidspunktet.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Anleggsmidlar er eigendelar meint til varig eige og bruk i verksemda. Anleggsmidlar blir vurdert til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet vil være forbigående. Langsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost. Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år samt postar som knyter seg til varekrinslaupet. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/ langsiktig gjeld. Omlaupsmidlar blir vurdert til lavaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydende.

Note 2 - Tilskot

	2005	2004
Norsk Amatørteatterråd	947 921	932 418
Kulturdepartementet	980 000	961 000
Bergen Kommune	650 000	650 000
Hordaland Fylke	220 000	217 000

Sum	2 797 921	2 760 418
-----	-----------	-----------

Note 3 - Bundne bankmidlar

Av innestående på bankkonti 31.12. er kr 78 119 bunde som tryggleik for skattetrekksmidlar.

Note 4 - Løn, godtgjersler, lån til tilsette m.m.

Lønskostnader

	2005	2004
Løn	2 027 082	1 647 316
Folketrygdavgift	285 302	232 270
Andre ytingar	10 211	4 243
Sum	2 322 595	1 883 829


Gjennomsnittleg tal på tilsette	5	5
Godtgjersler	Lønn	Andre godtgjersler
Dagleg leiar	340 991	0
Styret	0	25 000
Revisor		


Revisjonshonoraret for 2005 utgjer 14 937. I tillegg kjem andre tenester med 3 000. Alle beløp er inklusiv mva.

Note 5 - Varige driftsmidlar

Inventar, verkøy, kontormaskiner ol	
Kostpris 01.01.2005	158 635
Driftsmidlar kjøpt i året	398 779
Kostpris 31.12.2005	557 414
Akk. avskr./nedskr. 01.01.2004	41 068
Akk. avskrivningar 31.12.2005	125 842
Bokført verdi 31.12.2005	431 572
Avskrivning i året	84 774
Økonomisk levetid	3-5 år
Avskrivningsplan	Lineær

Bergen, 31. desember 2005 / 22. februar 2006



Yngve Feterås
Styreleiar


Kari Mjaaland Heggstad
Nestleiar


Torbjørn Halvorsen
Styremedlem


Kari Hop Skiftesvik
Vararepresentant for
styremedlem Jan-Christiar Kolstø


Camilla Svingen
Styremedlem


Ronny Hanssen
Styremedlem


Freydis Øre
Administrativ leiar

Til årsmøtet i VESTLANDSKE TEATERSENTER

REVISJONSMELDING FOR 2005

Vi har revidert årsrekneskapen for VESTLANDSKE TEATERSENTER for rekneskapsåret 2005 som syner eit årsunderskot på kr 76 410. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til dekking av underskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgave er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.


Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ei gjennomgåing av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2005 og av resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til dekking av underskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Bergen, 24.februar 2006

ERNST & YOUNG AS



Frank Eithun Helland
Statsautorisert revisor



Styret, valnemnd og revisor

Styreleiar

Yngve Seterås

Styremedlem / nestleiar

Kari Mjaaland Heggstad

Styremedlem

Ronny Hansen

Styremedlem

Tor Halvor Halvorsen

Styremedlem

Camilla Svingen

Styremedlem

Jan-Christian Kolsto

Vararepresentantar:

Edle Svendsen Lunde,

vara for Tor H. Halvorsen og Kari M. Heggstad

Hans Petter Svege,

vara for Ronny Hansen

Kari Hop Skiftesvik,

vara for Jan-Christian Kolsto

Frøydis Flotve,

vara for Camilla Svingen

Valnemnd:

Margareth Hosøy

Beate Solvik

Revisor:

Ernst & Young

Personalet

Namn

Steinar Thorsen

Frøydis Otte

Frøydis Flotve

Camilla Svingen

Margareth Hosøy

(vikar for Kristin Saltkjelvik)

Øyvind Greve

Kate Elin Lid

Tanja Holt

Tittel/stillingsstørrelse

Kunstnarleg leiar

Administrativ leiar

Teaterpedagog

/ undervisningskoordinator

Teaterpedagog

/ kurs- og medlemskoordinator

Teaterpedagog

(vikar for Kristin Saltkjelvik)

Kontormedarbeidar

/ lyd- og lys teknisk

Timelærer

Timelærer

Arbeidsoppgåver

Kunstnarleg ansvar for drift

og prosjekt samt instruktørarbeid

Administrativt ansvar for drift,

økonomi samt prosjektarbeid

Koordinator for teaterskolen

samt undervisning, kurs og regi

Koordinator for medlemsservice

samt undervisning på teaterskolen,

kurs og regi

Undervisning på teaterskolen

samt kursverksemd

Førstelinjetjeneste, DRAMAS,

lyd/lys teknisk på framsyningar,

inspisient

Lærer på teaterskolen

samt kursinstruktør

Lærer på teaterskolen

Frilansarar og timelærarar 2005

Namn

Marte Synnevåg

Kate Elin Lid

Laila Kolve

Dag Olav Larsen

Jan Thue

Tarjei Vatne

Eirik del Barco Soleglad

Lars Sørbo

Peter Daniel Straus

Marianne Løseth

Helge Jordal

Yngve Sundvor

Lars Sveinung Lid

Tor Martin Bøe

Yngve Seterås

Tor Halvor Halvorsen

Helga Golten

Rolf Olsen

Hedvig Garshol

Tor Arve Røssland

Edvin Østvik

Bengt Florvaag

Jostein Stalheim

Tor Martin Eriksen

Sissel B. Ruste

Viktorija Rudytë

Engasjement

Kostymedesign til framsyningar

Kurs i kostymesying

Kurs i Teatersport, Karmøy kulturskole

Kurs i Teatersport, Førde i Sogn og Fjordane

Musikar i framsyninga «Bilder frå Bjørgvin» under Barnas Festspilldag

Musikar i framsyninga «Bilder frå Bjørgvin» under Barnas Festspilldag

Musikar i framsyninga «Bilder frå Bjørgvin» under Barnas Festspilldag

Musikar og komponist

Akkompagnement til Vestlandsmesterskapet i Teatersport

Musikk til framsyninga «Bjelleklang»

Kurs i Teatersport, Bergen

Kurs i Skodespelarteknikk

Klovnekurs

Regi på framsyninga «Dill & Diger»

Klovnekurs

Skodespelar i framsyninga «Hvem har tatt min venstre sko?»

Kursinstruktør på kurset : «Det folkelige teateret sin formidlingsform»

Regikurs

Musikar i framsyninga «Dill & Diger»

Grafisk design

Skodespelar i framsyninga «Hvem har tatt min venstre sko?»

Skodespelar i framsyningane: «Hvem har tatt min venstre sko?», «Jenta i treet»

Skodespelar i framsyninga: «Hvem har tatt min venstre sko?»

Skodespelar i framsyninga: «Hvem har tatt min venstre sko?»

Skodespelar i framsyninga: «Hvem har tatt min venstre sko?»

Foto, redigering og produksjon av dvd-filmar.

Musikar i framsyninga «Hvem har tatt min venstre sko?»

Musikar i framsyninga «Hvem har tatt min venstre sko?»

Musikar i framsyninga «Hvem har tatt min venstre sko?»

Skodespelar i framsyninga «Jenta i treet»

Kursinstruktør: instruksjon og direksjon

Instruktør for Teater Ung ved Teaterskolen



Sceniske prosjekt 2005

Aktivitetar i 2005

Samarbeid er framtida

Vestlandske Teatersenter har mykje kompetanse og gode ressursar. Likevel er det ei viktig vedgåing at det er mange der ute som og kan mykje. Dei kan kanskje andre ting enn det vi er gode på, og det er viktig å lære av dei og jobbe saman. Det har derfor vore ein spennande veg å gå, å på breidt plan søke samarbeid med andre institusjonar som driv med scenekunst på Vestlandet, for gjennom det å betre tilbodet, både i omfang og kvalitet.

VT har derfor knytta til seg gode samarbeidspartnarar i 2005, så som Den Nationale Scene i Bergen, Hordaland Teater, Haugesund Teater, Sogn og Fjordane Teater, Høgskolen i Bergen – avd for drama, Bergen Fest, Gamle Bergen Museum, Redd Barna, Ole Bull Scene, Bergen Music Education, m.fl. Vestlandske Teatersenter har og basert seg på å knyte til seg topp fagfolk i utviklinga av nye prosjekt samt avvikling av kurs.

Nettopp gjennom denne erkjenninga av at vi ikkje sit på all kunnskap sjølv, kan vi i samarbeid med andre skape spanande prosjekt og samtidig vidareutvikle organisasjonen og tileigne oss viktig ny kunnskap. Det er derfor vi har kunna gjennomføre Teaterfestivalen MINI-MIDI-MAXI for første men ikkje siste gong, ei rekkje flotte framsyningar med «Hvem har tatt min venstre sko» og «Dill og Diger» i spissen.



Teaterfestivalen MINI-MIDI-MAXI

Festival med søkjelys på teater for barn og unge. Samarbeid med Den Nationale Scene og Høgskolen i Bergen

MINI-MIDI-MAXI vart avvikla i Bergen 16. – 19. november, og er ein kunstnarleg og fagleg happening. Festivalen er først og fremst ein arena kor ein kan oppleve flotte og spanande kunstnarlege møte og nyskapande teaterframsyningar frå inn- og utland. Festivalen sitt føremål var og å skape eit forum for diskusjon, informasjonsutveksling og inspirasjon for alle som jobbar med teater for og med barn og unge, med håp om at dette kan stimulere til endå betre barneteater i dette landet.

Festivalen var delt inn i tema som fekk kvar sin dag kor framsyningar, seminar og praktiske workshop belyste tema i eit heilskap. Festivalen 2005 tok for seg å utfordre oppfatningane rundt læringsbasert teaterformidling, nyskapande barneteater generelt og utviklinga av teater for dei minste.

Vestlandske Teatersenter ønskjer å gjere festivalen til eit årleg arrangement i Bergen. Tema og innhald vil skifte frå år til år, men formålet med festivalen vil vere det same: å stimulere til eit best mogleg barneteater.

Vestlandske Teatersenter bidrog sjølv kunstnarleg med framsyningane «Bjellegklang» og «Fargeklatten» samt Teaterskolens »Virkelighetens Teater». Det er og verd å nemne at VT laga festivalens kritikarroste åpningsframsyning på Småscenen på DNS. Medverkande var skodespelarar frå DNS, barn frå Vestlandske Teatersenter sin teaterskole for barn og unge og Trond Viggo Torgersen.



Dill og Diger

Klovneframisyning for 4 – 10 åringer. Samarbeid med den amerikanske klovneinstruktøren Peter Straus

Vestlandske Teatersenter presenterte i desember klovneframisyninga «Dill og Diger». Dette er ein annleis klovneframisyning, heilt fri for raude naser og kjende ablegøyer. Framsyninga blei vist for eit nøgd publikum og fekk gode kritikkar. Målet var å lage ein ny type framisyning og bruke eit uttrykk som ikkje var så kjendt. I samarbeid med Peter Straus, har Vestlandske Teatersenter utvikla eit nytt uttrykk innanfor denne sjangeren i Norge.

Klovneframisyninga «Dill og Diger» er basert på den amerikanske Helan og Halvan / Marx Brothers – tradisjonen iblanda gags- og slapstick-uttrykket frå 50-talets amerikanske Warner Bros i teiknefilmar som Daffy Duck. Dei fysiske verkemidla her skil seg frå andre teiknefilmar, som var basert på slapstickhumor med fysisk vald som humorbasis, dvs. at det morosame var når figurane slo/skada seg, eller blei slått/skada av andre. Warner Bros. øvde med menneske først før dei implementerte realistiske gags i teiknefilmene. Slik har og dei fysiske uttrykka i Dill og Diger kome til.

Framsyninga har og klare inspirasjonar frå det absurde teateret og Samuel Becket-dramatikk, med ei filosofisk tilnærming rundt dei store spørsmål i livet, som venskap, einsemd og død. Likevel er framsyninga først og fremst morosam, underhaldande og overraskande i si form og tema.



Hvem har tatt min venstre sko?

Familieframsyning

Samarbeid med Gamle Bergen Museum

I juni 2005 gjennomførte Vestlandske Teatersenter framsyninga «Hvem har tatt min venstre sko?» av Stig Holmås i Gamle Bergen Museum for andre år på rad. Også denne gongen hadde vi med eit profesjonelt ensemble med Helge Jordal, Yngve Seterås, Hedvig Garshol og Helga Golten. Dessutan medverka vaksne amatørar, musikarar og 17 born frå Teaterskolen. Framsyninga ble godt motteken blandt publikum og hausta gode omtalar i pressa.

Prosjektet «Hvem har tatt min venstre sko» har som mål å auke interessa for, og kunnskapen om Bergen si historie og med Gamle Bergen Museum som ein viktig formidlar av det som har skjedd i byen si nære fortid. Manuset til framsyninga er utvikla med utgangspunkt i den spesielle historiske arkitekturen som Gamle Bergen Museum representerer, og gjennom å bruke museet som scene og scenografi for ei vandreframsyning, vil det gi publikum ei oppleving av museet sin eigenart, handverkstradisjonar og kulturhistorie.

Bruken av Gamle Bergen Museum som scene/kulisse vil verne om og synleggjere den kulturarven dette representerer, stimulere til auka interesse for museet og den historia som er knytt til det og Bergen by.



Jenta i Treet

Forteljarframsyning for 6 – 12 åringar

Samarbeid med Barnas Hus/Den Kulturelle Skolesekken, Bergen

Vestlandske Teatersenter viste i januar/februar Staffan Göthes «Jenta i Treet» som er eit upe-dagogisk pedagogisk stykke om kor vanskeleg det kan vere å vere barn i ei travel moderne tid. Stykket er morosamt, lyrisk og stemningsfullt. Stykket har ein filosofisk grunntone som er tilpassa barn og unge, kor undring, refleksjon og ein underbevisst behandling av opplevinga er meir sentralt enn læring og pedagogikk.

Fire skodespelarar brukte ulike forteljar teknikkar i formidlinga av historia om jenta i treet. Det vekslar mellom stiliserte fysiske tablå, realistiske spelescener og forteljar-element. Fysiske etydar med gags og sceneakrobatikk veksla med meir tradisjonelle spelescener og forteljarsekvensar. Musikk vert brukt i stykket som både stemningsskapar og til song og dans.



Industrihuset 6

Monologframsyning for ungdom og vaksne

Samarbeid med TeaterAmFenster (ty)

Vestlandske Teatersenter og den tyske teatergruppa TheaterAmFenster presenterte i oktober framsyninga »Industrihuset 6«. Seks monologar om menneske ein ser kvar dag. Kven er dei eigentleg, kva historie har dei med seg?

Teaterkompaniet Theater am Fenster er frå Stuttgart i Tyskland og gruppa sitt var-emerke er at alle oppsetningar vert skrive og regissert av Boris Rodriguez Hauck. Stykka hans er oppført i ei rekkje byar i Tyskland og Spania, og altså i Norge i Bergen. «Industrihuset 6», som på originalspråket heitte «Hauptstraße 6» (Hovudgata 6) handlar om urbane menneske i ein moderne europeisk storby – som Bergen.

Vi møter dei menneska vi passerer på veg til jobb kvar dag, som bur i oppgangen vår, som jobbar i same hus som oss. Menneske ein helsar på og smiler til, og som ein føler ein »veit kven er« litt trass i at ein ikkje har snakka med dei. Det handlar om den enkelte sitt behov for å finne sin identitet i ei omskifteleg tid – i ein stor by med mange ansikt. Sjølv om ein er av den store massen, eit menneske i mengda – så har ein eit andlet, ein er eit menneske, ein har ei historie å fortelje.



Tor med Hammaren

*Figurteaterframsyning for 5 – 10 åringer
Eigenprodusert*

«Tor med hammaren» er ei fri omarbeiding av Trymskvida som Snorre i si tid skreiv ned i Heimskringla. Norrøn mytologi har alltid vore ei kjelde til inspirasjon og nyskapande scenekunst på Vestlandske Teatersenter. Med framsyninga «Tor med Hammaren» vert ei tid då jotnar og gudar kjempa om verdsmakta og brukte stein og eld som våpen levandegjort.

Framsyninga ble vist på Haugesund Teater i oktober.

«Virkelighetens Teater»

*Skjult tablåteater med ungdom
Samarbeid med Redd Barna*

I samarbeid med Redd Barna utvikla 2 grupper ved Teaterskolen for barn og unge på Vestlandske Teatersenter dette skjulte teaterprosjektet. Temaet var »barn som ikkje har det like bra som oss». Framsyninga viste tablå av fattige barn sin situasjon i ulike delar av verda. Barn som tiggjarar, uteliggjarar, barneprostituerte m.m. framsyninga blei vist som ein del av festivalen MINI-MIDI-MAXI



Bilder fra Bjørgvin

*Dramaforløp med 250 barnehagebarn
Samarbeid med Barnas Hus*

Også i 2005 gjennomførte Vestlandske Teatersenter framsyninga / dramaopplegget »Bilder fra Bjørgvin» med over 200 barnehage- og skolebarn som spelte på Barnas Festspilldag på Torgallmenningen med å danse, syngje, spele, forme og gjenskape middelalderen i Bergen.

Opplegget vart laga til ei framsyning med barn frå Teaterskolen i 1994. Den blei vist på Bryggen museum. Her deltok barn mellom 6 og 17 år. Manuskriptet blei utarbeida på bakgrunn av historiske fakta, og improvisasjonar som barna hadde laga. Resultatet blei ei 2 timar lang framsyning som gjekk føre seg både ute og inne. Gjennom eit samarbeid med Barnehagekontoret i Bergen og Barnas Hus vart det laga ein perm med ferdige dramaforløp til bruk i barnehagar og skolar. VT har halde kurs i dette opplegget sidan 1995.

Målet er å gi barna ei totaloppleving av å leve i ei anna tid. Kunnskap om historie blir fletta inn undervegs. Opplevinga av å leve i ei anna tid kan ein ikkje snakke seg til, den må oplevast. Barna skal vere delaktige i prosessen, på ein skapande måte. Barna må ta stilling til problem undervegs, og dei må vere med på å løyse dei. Ein slik arbeidsprosess gir barna moglegheit til å prøve ut fleire løysingar, og til å stole på egne vurderingar.



Bjelleklang

*Multimedial framsyning for dei under 3 år
Eigenprodusert*

«Bjelleklang» inviterer alle med inn i leikekroken sin. «Bjelleklang» presenterer dyrehagen sin (leikedyr i ulike materiale og former). Ho leikar sirkus med dyra. «Bjelleklang» kjenner ei som bur på en gard, og som heiter Kari. Kari blir presentert gjennom ein skjerm som står på scena. Spelet blir mellom Kari på filmen, «Bjelleklang», og barna i salen. Framsyninga blei vist under MINI-MIDI-MAXI og på Haugesund Teater i oktober.



Fargeklatten

*Framsyning for dei aller minste under 3 år
Eigenprodusert*

Barna får ei fargerik teateroppleving saman med «Fargeklatten» og «Bjelleklang», hjelparen hennar. Framsyninga fokuserer hovudsakleg på form og farge, men legg òg vekt på å stimulere dei andre sansane gjennom lyd, smak og følelse. Barna får følgje ei enkel historie med «Fargeklatten» og «Bjelleklang», og det er lagt opp til medvirknad på barna sine egne premisser.

Framsyninga blei vist under MINI-MIDI-MAXI

Teaterproduksjonar i regi av Vestlandske Teatersenter

Antal teatergrupper	Antal aktører/deltakarar			Antal framsyningar	Publikumstal
	Barn	Unge	Vaksne		
VT: «Bjelleklang»			1	28	1282
VT: «Jenta i treet»			4	20	792
VT: Gr. 7					
«Norske sagn og skromtefortellinger»	18		5	681	
VT: Teater Ung «Hvor er Skrik?»		10		1	100
VT: Gruppe 3 «Koffor det då?»	18			1	74
VT: Gruppe 4 «Kampen om hovedrollen»	20			1	82
VT: Gruppe 1					
«En er en, og to er to»	14			1	67
VT: Teater Ung «Kjærtekt»		11		3	153
VT: Gruppe 5 «Trollmannen fra Os»	20		1	78	
VT: Gruppe 6 «Mor Courage»		14		1	45
VT: Gruppe 2 «Ikke noe skremmende»	17			1	66
VT: Gruppe 9 «Festivalmime»		14		4	2400
VT: «Fargeklatten»			2	14	690
VT: «Tor med hammaren»			1	13	819
VT: «Dill & Diger			3	10	550
VT: «Industrihuset 6»		3	5	4	180
VT: «Virkelighetens Teater»	24			2	800
VT: «Bilder fra Bjørgvin»	215		38	2	1150
Big Brum Company: «The Under Room»			3	2	140
Dukkenikkerne: «Noahs Ark»			2	2	183
Glitterbird-prosjektet: «Ulv, Ulv»			2	2	155
Grenland Friteater: «Bohm & Böhmer»			2	2	190
Transiteateret: «Trio for tre og spansk gitar»			3	2	105
Teater Uno: «Spilledåsen»			1	1	70
Peter Straus: «Big Time»			1	1	100
Krabatene: «En natt i februar»			3	2	210
VT: Gruppe 1 «Klovning»	14			2	70
VT: Gruppe 2 «Vintercollage»	14			1	40
VT: Gruppe 3 «Pink panter»	14			2	75
VT: Gruppe 4 «Misse Mime»	14			2	83
VT: Gruppe 5 «Revy 5»	13			1	37
VT: Gruppe 6 «Gullhår goes mad»	13			1	43
VT: Gruppe 7 «Klovnens kamp»		14		1	43
VT: Gruppe 8 «Fru Stå»		14		1	37
VT: Gruppe 9 «Mime for life...»		14		1	70
VT: Teater Ung «Skomakerteater»		14		1	40
VT: Åpningsforestilling «Mini Midi Maxi»	27	23		1	150
VT: «Hvem har tatt min venstre sko?»	13	5	7	15	1705
VT/ Kirkevoll skole: «Skolerevy»	60	55	5	3	455
Totalt	490	229	83	158	14010

Medlemsorganisasjonar og medlemsservice



I 2005 var det registrert 147 enkeltpersonar og 33 lag / organisasjonar som medlemmar hos VT.

Oversikt over lag / organisasjonar:

Markane ungdomslag, Stryn
Søre Neset Ungdomslag, Os
Viksdalen Ungdomslag, Viksdalen
Solund ungdomslag, Hardbakke
Melandsrevyen, Frekhaug
Askøyteateret, Askøy
Postens revygruppe, Bergen
Lindås ungdomslag, Lindås
Studentteateret Immaturus, Bergen
Skogstjerna ungdomslag, Atløy
Haugesund Mållag og ungdomslag, Avaldsnes

Kvam Revyteater, Øystese
Bygstad ungdomslag, Bygstad
Os Bygdakunstlag, Os
Austrheim frilynte ungdomslag, Austrheim
Førde ungdomslag, Valevåg
Sotra Teaterlag, Sotra
Stigespillerne, Bergen
Arna Musikkteater, Ytre Arna
Åsane ungdomslag, Åsane
Bergen Prosjekt Teater, Bergen
Radøy Teaterlag, Sletta
TAF Teater, Dalekvam

Førderevyen, Førde
Krabatene, Bergen
Bergen Improlaug, Bergen
UL Heimhug, Revygruppa, Hjelmås
Turboteateret, Bergen
Teatergruppen Krumelur, Bergen
Mjeldalen Ungdomslag, Haus
Fyllingsdalen vgs., Bergen

Støttemedlemmar

Stord kommune, kulturhuset
SOF-Teater

Av desse hadde 23 av medlemsorganisasjonane teateraktivitet i 2005 og stod for ein samla produksjonsmasse på teaterframsyningar på minimum 20 minuttar:

Antal aktørar / deltakarar			Antal framsyningar	Publikumsantal
Barn 0 - 12 år	Unge 13 - 25 år	Vaksne 26 år ->		
198	456	328	328	35191

VT gratulerer sine medlemsorganisasjonar med flotte bidrag og høgt engasjement.

VT delte ut reisestønad og produksjonsstønad på til saman 22 500,-.

VT gav tilbod om 3 gratiskurs til sine medlemmar i 2005:

“Kurs i Teatersport” gjennomført i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

“Det folkelige teater si formidlingsform” gjennomført i Bergen

“Regikurs” gjennomført i Bergen

Utover dette hadde medlemmane 20 % rabatt på alle andre kurs.



Kurs og kompetanse

Inspirasjon kan hentast på mange vis, ein måte er kurs og vidareutdanning.

2005 vart eit år med høg aktivitet innan kurs- og oppdragsverksemd for VT. Inspirerende er det og at det er ein viss variasjon i dei som etterspør våre tenester, frå teaterlag og organisasjonar til barnehagar, skolar og museum.

For VT sin del er det viktig å kunne tilby det som vert etterspurd, samstundes som ei stadig fokusering på utvikling av nye tilbod skal være tilstades i planlegginga av våre kurs og oppdragsverksemd.

Dramakurs for museumsformidlarar

Vestlandske Teatersenter (VT) ønskjer å gi museumsformidlarar enkle verktøy som kan brukast for å skape magiske møte mellom barn og museum. Kurset gjer deltakarane ei forståing av kva drama og teater er og korleis det kan brukast i ulike samanhengar, samt korleis ein kan kombinere forskjellige kunststartar på ein måte som framhevar deira særpreg.

Deltakarane lærer om teateret si form, mekanismar og forskjellige prosjektmoglegheiter. Den enkelte vert skolert i muntleg framføring og formidling, slik at dei individuelt vil kunne ha fleire redskapar å bruke i sin jobb som formidlar.

I 2005 fortsette VT denne kursrekka med blandt anna kurs på Norsk Folkemuseum og Maihaugen. Tilbakemeldingane frå kursdeltakarane var særskild positiv:

«Kurslederne gjorde deltakarene med forskjellig bakgrunn trygge, men klarte samtidig å ut-

fordre oss til å strekke oss i retning av nye roller og uttryksmåter. De delte av sin kunnskap, og tonen var humorfylt og varm. De var opptatt av at kurset skulle være matnyttig for oss.»

Birgit Jåstad - Maihaugen

«Kurset var intenst og krevende, godt gjennomarbeidet, logisk lagt opp og gav utbytte uavhengig av tidligere dramaerfaring. Kursholderne var dyktige, fokuserte og inspirerende. Undervisningsseksjonen har helt konkret brukt erfaringene til to nyutviklede prosjekter. Omviserne våre har nytte av kurset i sin daglige formidling blant elevene. Vi anbefaler kurset, både som revitalisering av eksisterende undervisningsopplegg og til utvikling av nye prosjekter.»
Anne Marie S. Johnsen- Norsk Folkemuseum

Ladegården barnehage 120 år

Vestlandske Teatersenter har sete i styringsgruppa for dette prosjektet saman med Skolemuseet i Bergen og Stiftelsen Husmødrenes barnehager. Vestlandske Teatersenter har stått for å lage eit pedagogisk dramaopplegg for

Ladegården barnehage som skal gi barna ei oppleving av korleis det var å gå i barnehage i ei anna tid. Det er 7 ulike dramaforløp som skal representere kvar si tid frå 1886 og fram til i dag. Barnehagen skal ha jubileumsveke i februar 2006.

Julenatt i Austrheim

Austrheim frilynte ungdomslag og Austreim Sokneråd samarbeidde om storprosjektet julenatt i Austrheim. Det starta med kurshelg i september, der VT hadde fire ulike kurs. Heile bygda var i sving med produksjonen som vart eit storslått julespel der både nyfødde, skoleelevar, vaksne og pensjonistlag vart engasjert. Vestlandske Teatersenter var med på prosjektplanlegginga, og var tilbake i desember for siste finpussen. Eit flott arrangement som samla heile bygda til felles løft.

Gjennomførte kurs / oppdragsverksemd i 2005

* Barn 0 - 12 år / Unge 13 - 25 år / Vaksne 26 år ->

Nr.	Kurstema/tittel	Sted	Dato	* Antall deltakere			Antall timer
				Barn	Unge	Vaksne	
1	Klovnekurs	Vestlandske Teatersenter	30/10, 6/11		30		10
2	Kurs i museumsformidling, modul 3	Kulturhistorisk museum, Bergen	13/1, 14/1			15	13
3	Kurs i museumsformidling, modul 1+2	Norsk Folkemuseum og Maihaugen, Oslo	17/1 - 20/1			20	26
4	Folkeleg teater	Vestlandske Teatersenter	26/11, 27/11			11	12
5	Regikurs	Vestlandske Teatersenter	10/12, 11/12			16	12
6	Kurs i museumsformidling, modul 4	Kulturhistorisk museum, Bergen	3/2, 4/2			15	13
7	Drama og teater i barnehagen	Vestlandske Teatersenter	23/11, 30/11			25	12
8	Kurs i museumsformidling, modul 3+4	Norsk Folkemuseum og Maihaugen, Lillehammer	7/3 - 10/3			20	26
9	Inspirasjon i barnehage	Grønskjeret barnehage	11/11			19	5
10	Teatersportkurs	Karmøy kulturskole	21/5, 22/5		9		12
11	Teaterkurs	Åsane ungdomslag	24/1 - 9/5	31	9		95
12	Inspirasjon i barnehage	Ladegården barnehage	12/9			16	3
13	Klovnekurs	Vestlandske Teatersenter	24/10			4	4
14	Skuespillerteknikk	Vestlandske Teatersenter	29/10, 30/10		13		12
15	Teater i undervisning	Vestlandske Teatersenter	17/11		5	11	3
16	Virkelighetens Teater	Vestlandske Teatersenter	17/11		3	9	3
17	Improvisasjon som startpunkt for TIU arbeid	Vestlandske Teatersenter	17/11		6	7	3
18	Hvordan arbeide for å lage teater for de minste	Vestlandske Teatersenter	18/11		4	11	3
19	Fra idé til forestilling	Vestlandske Teatersenter	18/11		7	5	3
20	Sirkus og klovneri som nye virkemidler i teater for barn	Vestlandske Teatersenter	19/11		8	8	3
21	Gammelt stykke, ny forestilling	Vestlandske Teatersenter	19/11		8	6	3
22	Ny dramaturgi, brudd på kronologi, bruk av fysikk og musikk	Vestlandske Teatersenter	19/11		4	8	3
23	Gruppe 1 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vårsemester	15			21
24	Gruppe 2 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vårsemester	17			28
25	Gruppe 3 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vårsemester	18			30
26	Gruppe 4 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vårsemester	21			32
27	Gruppe 5 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vårsemester	20			32
28	Gruppe 6 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vårsemester		14		30
29	Gruppe 7 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vårsemester		18		45
30	Teater Ung Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vårsemester		12		48
31	Gruppe 1 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Hautsemester	14			21
32	Gruppe 2 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Hautsemester	14			21
33	Gruppe 3 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Hautsemester	14			28

Nr.	Kurstema/tittel	Sted	Dato	Antall deltakere			Antall timer
				Barn	Unge	Voksne	
34	Gruppe 4 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Hautsemester	14			28
35	Gruppe 5 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Hautsemester	14			28
36	Gruppe 6 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Hautsemester		14		28
37	Gruppe 7 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Hautsemester		14		28
38	Gruppe 8 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Hautsemester		14		28
39	Gruppe 9 Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Hautsemester		12		42
40	Teater Ung Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Hautsemester		14		42
41	Prøver på "Hvem har tatt min venstre sko?"	Vestlandske Teatersenter	1/6 - 12/6	5	13	7	160
42	Instruksjon skolerevy	Kirkevoll skole	6/1 - 16/1	60	55	5	69
43	Åpen dag / en rolle i bygdeutstilling	Bergen Kunsthist. Museum	6/3			1	18
44	Instruksjon	Åsane ungdomslag	24/1 - 9/5	31	9		90
45	Sminkeoppdrag	Møhlenpris velforening	5/6	13		25	2
46	Sminkeoppdrag	Sotra Teaterlag	4/1			7	4
47	Sminkeoppdrag	Fana folkehøgskole	18/1		20		4
48	Sminkeoppdrag	Høgskolen i Bergen	26/1 og 27/1			23	6
49	Bilder fra Bjørgvin, dramaforløp til bruk i barnehager	Vestlandske Teatersenter	11/2 - 14/2			22	8
50	Sminkeoppdrag	Liland ungdomslag	23/5		2	8	3
51	Instruksjon og direksjon	Arne Sangforening	1/3 - 4/6			40	56
52	Instruksjon BKK		Perioden april - desember			21	123
53	SFO Klovnekurs	Haukeland Skole	17/11 - 22/11			15	18
54	Sminkeoppdrag	Austrheim UL	3/9 og 4/9		4	2	12
55	Sminkeoppdrag	BKK	24/10			5	3
56	Kostymer, sykurs	Austrheim UL	3/9 og 4/9			8	12
57	Lyskurs	Austrheim UL	3/9 og 4/9		4	8	12
58	Muntlig fortelling	Austrheim UL	3/9 og 4/9		2	8	12
59	Instruksjon av revy	Austrheim UL	14//12	20	18	20	10
Totalt				321	345	451	1461

Vedtekter for Vestlandske Teatersenter

Revidert 29. april 2005

§1 Formål

- a) Vestlandske Teatersenter (heretter forkorta til VT) skal vere eit kompetanse og opplæringscenter for teater, med særskilt ansvar for barn og unge.
- b) VT skal auke kunnskapen om teater og drama gjennom kurs og utdanningstilbod.
- c) VT skal arbeide for god scenekunst, fremje ny norsk dramatik.
- d) VT har ansvar for å ta vare på nynorsk språk og talemål.
- e) VT med sete i Bergen skal ha sine hovudaktivitetar i Hordaland og på Vestlandet. På område der ein har særskilt kompetanse skal VT ha heile landet som verkefelt.

§ 2 Medlemskap

- a) VT er ein frivillig organisasjon der einskildpersonar, frivillige lag, offentlege og private verksemdar kan vere medlemmar.
- b) Elevar på Teaterskolen under 15 år kan representerast av ein av foreldra/føresette med ei røyst på årsmøtet. Foreldre/føresette som representerar sine barn har berre ei røyst uavhengig av antall barn dei har på Teaterskolen
- c) Medlemmane har røysterett på årsmøtet etter følgjande nøkkel: Einskildpersonar over 15 år, ei røyst. Frivillige lag har to røyster; offentlege og private institusjonar tre røyster.
- d) For å ha røysterett må kontingenten vere innbetalt seinast 30 dagar før årsmøtet.
- e) Utsendingar frå frivillige lag, offentlege og private institusjonar må dokumentere representasjonsretten sin med fullmakt.

§ 3 Årsmøtet

- a) Årsmøtet er høgaste organet i VT
- b) Årsmøtet skal heldast innan 15. mars kvart år
- c) Røysterettar og fullmakter for delegatane til årsmøtet er definert i paragraf 2
- d) Kvart årsmøte avgjer om det er saker der det skal gjerast avgrensingar i røysteretten.
- e) Framlegg frå medlemmane til saker som skal opp på årsmøtet må vere kome inn til administrasjonen/styret innan 15. januar.
- f) Innkalling til årsmøtet skal kunngjerast til medlemmane seinast 30 dagar før møtet vert gjennomført.
- g) Innkallinga skal innehalde: Dagsorden og naudsynt skriftleg underlagsmateriale til dei sakene som skal handsamast på årsmøtet.

h) Årsmøtet kan berre handsame dei sakene som er nemnt i innkallinga.

i) Følgjande saker skal handsamast på eit ordinært årsmøte:

- Årsmelding og revidert rekneskap.
- Fastsetje medlemskontingent for neste år.
- Handlingsplan og budsjett for neste år.
- Val.

j) Årsmøtet skal velje:

- Styreleiar for eitt år
- ein styremedlem og ein vararepresentant blant medlemmane for ein valperiode på to år slik at ein styremedlem og vararepresentant står for val ved kvart årsmøte.
- ein styremedlem med personleg vara som representerer foreldra til elevane på Teaterskolen for ein valperiode på to år.
- tre medlemmar til valnemnda for eitt år
- k) revisor for rekneskapen når det er turvande.
- l) Alle saker på årsmøtet; med unntak av vedtektsendringar, kan avgjerast med enkel majoritet.

§ 4 Ekstraordinært årsmøte

- a) Det skal innkallast til ekstraordinært årsmøte dersom det blir kravd frå: ordinært årsmøte, styret eller minst 1/3 av medlemmane.
- b) Innkallinga skal skje med minst 14 dagers varsel.
- c) Ekstraordinært årsmøte skal berre handsame dei sakene som er sett opp i innkallinga.

§ 5 Styret

- a) Styret er på 7 personar.
- b) Styret er samansett slik: Styreleiar og to representantar som er valde av eit årsmøte. Ein representant frå foreldra til elevane ved Teaterskolen og som er vald på eit årsmøte. Ein representant peika ut av Hordaland Fylkeskommune. Ein representant peika ut av Bergen kommune. Ein representant peika ut av dei tilsette.
- c) Dei oppnemnde medlemmene frå Hordaland Fylkeskommune, Bergen kommune og dei tilsette har personleg vara,
- d) Det står fritt for fylket og kommunen til å endre på representasjonen når det høver for dei, utan omsyn til årsmøte i VT.
- e) Styret er vedtaksført når minst 4 medlemmer er til stades.

f) Styret har ansvar for å leie laget i samsvar med vedtektene og dei vedtak årsmøtet gjer.

g) Styret skal seg imellom velje nestleiar og oppnemne eit Arbeidsutval, og gje Arbeidsutvalet naudsynte fullmakter.

h) Dei tilsette sin representant i styret skal vere med i Arbeidsutvalet.

i) Ved likt røystetal har styreleiar rett til å nytte si dobbelrøyst.

§ 6 Økonomi, forvaltning og revisjon

- a) Rekneskapen i VT følgjer kalenderåret
- b) Styret har ansvar for at rekneskapen vert bokført etter godkjende prinsipp.

§ 7 Vedtektsendringar

- a) Framlegg til endringar i vedtektene må vere styret/administrasjonen i hende seinast 15. januar.
- b) Framlegg til endringar i vedtektene skal sendast ut til medlemmane seinast 30 dagar før årsmøtet.
- c) Endringar i formåls- og endrings- og oppløysingsparagrafen (§1, § 7 og §8) krev ¾ fleirtal på eit årsmøte.
- d) Andre endringar i vedtektene krev 2/3 fleirtal på eit årsmøte.
- e) Endringane trår i kraft frå det tidspunktet som årsmøtet fastset.

§ 8 Oppløysing

- a) Framlegg om oppløysing av VT krev ¾ fleirtal på to påfølgjande årsmøte; eitt av desse skal vere ordinært årsmøte.
- b) Dersom det vert gjort gyldig vedtak om oppløysing, skal det oppnemnast eit avviklingsstyre, som i samråd med Hordaland Fylkeskommune skal arbeide for at eventuelle midlar som måtte vere til overs vert nytte til beste for kulturtiltak på Vestlandet etter føremålet som VT har arbeidd for.





Vestlandske Teatersenter,
Bredalsmarken 15,
5006 Bergen.

Tlf. 55 90 47 30
telefaks 55 90 47 31
e-post: info@teatersenter.no
www.teatersenter.no

Vestlandske Teatersenter mottar offentlige tilskudd fra:
Kultur- og kirkedepartementet, Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune, Norsk teaterråd.